

Øst og Tid 22/6
-95

Poeten som

Han valde feil side i krigen og enda med totalhavari.

– Hadde ikkje Åsmund Sveen vorte nazist, ville han i dag stått som ein sentral og høgt respektert person i nynorsk-kulturen. Han var eit eksepsjonelt språk-talent, slår førsteamanuensis Knut Imerlund ved Hamar lærerhøgskole fast.

ØTTAR FYLLINGSNES

I ein artikkel i Aftenposten i 1947 i samband med retts-saka mot Sveen, vart han omtala som «En av de største kultursvikere under okkupasjonen».

Seinare vart Åsmund Sveen ein gong oppmoda om skriva bok om det han hadde vorte gjennom. Den lovande forfattaren frå 30-åra vinka berre avverjande med hendene. Han orka rett og slett ikkje tenkja på det.

– På den tida trur eg at Sveen var sterkt overtydd om at han hadde gjort noko forferdelig gale, at han handla i utakt med sine grunnleggjande verdiar. Psykisk ville han neppe ha klart å konfrontera seg sjølv med det han hadde stått for under krigen, meiner Knut Imerlund.

I fleire år har han interessert seg for Åsmund Sveen, både personen og forfatterskapen hans. Imerlund har skriva fleire artiklar om forfattaren, og no arbeider han med ein biografi.

Nyutgjevingar

I 30-åra var Åsmund Sveen ein svært lovande lyriker. I førkrigsåra var han litteraturmeldar i Dagbladet, men då krigen kom, vart han nazist. Etterkrigstida vart vanskeleg for den lovande forfattaren. Han fekk store problem med alkoholen.

Det skulle gå 28 år frå fredsslutninga til Sveen fekk gitt ut ei ny bok. To dagar etter at han hadde levert manuskriptet på forlaget, døyde han.

No i vår, midt i fredsjubileet, var Cappelen frimodig nok til å gje ut Sveens to diktsamlingar frå 60-åra på nytt; «Brunnen» frå 1963 og «Tonemesteren» frå 1966. Den siste er Sveens einaste bok på riksmål. Dei andre var på nynorsk.

Dikta i «Tonemesteren» vart funne i Sveens etterlatne papir. Truleg vart dei skrivne rett etter krigen. På den tida må diktsamlinga ha vore innom fleire forlag, men ingen ville gje ho ut. Då Cappelen endeleg sa ja, fekk ho fin kritikk, blant anna frå Paal Brekke i Dagbladet.

Kven var han?

Åsmund Sveen (1910-1963) vart fødd i Sørskogbygda utanfor Elverum. Der dreiv foreldra landhandel og småbruk.

– Sørskogbygda var den gongen eit lite og isolert samfunn. Åsmund Sveen voks opp i ein syskenflokk på seks. Mora var den som hadde den kunstneriske givnaden i familien. Ho var flink til å fortelja, seier Imerlund.

Han har samla Sveens dikt som vart publiserte i avisa «Austlands» i 20-åra. Avisa vart utgjeven av «Austmannalaget». I utgåvene frå 1926-1927 har Imerlund funne 34 dikt av Åsmund Sveen. Dette er dikt som ikkje har vore publiserte i bokform. Han trekkjer fram eit dikt, «Kjærleik», som stod på trykk i 1926. Då var Sveen berre 16 år. Diktet handlar om ei gammal kvinne som drøymmer om den guten som ho elska i sin ungdom.

– At ein 16 år gammal gut skriva på den måten er svært særlege. Verseforma er utspekulert spesiell. Sveen var sterkt påverka av Olav Aukrust, og dette går fram i dei tidlege dikta hans. Kanskje har han til dette diktet henta inspirasjon frå Aukrusts dikt «Einsleg». Dette diktet handlar om ei gammal budeie som tenkjer på den unge guten ho hadde besøk av på setra ein gong.

Modernist i 30-åra

Knut Imerlund veit ikkje om Åsmund Sveen hadde nynorsk som hovudmål då han voks opp i Sørskogbygda, men han fekk Halvor Floden som lærar. Truleg var dette viktig for Sveens bruk av nynorsk seinare.

– Ein kan undra seg over Sveens store ordforråd. Han tok tidleg i bruk ord som ikkje var i bruk i Sørskogbygda. Det kunne vera ord som var i bruk i fjellbygdene eller på Vestlandet, seier Imerlund.

Dikta Sveen hadde på trykk i «Austland», var tradisjonelle i forma. Han skriva også i vekeavisa «Østlendingen» og dagsavisa «Den 17. mai», men forebels har Imerlund



TIL ASCHE-HOUG: Under krigen fingerte Åsmund Sveen som sensurinstans for både teatera, pressa og Aschehougs forlag. (Teikning: Olaf Holm)

ikkje hatt tid til å grava fram det som har stått der.

Vinteren 1928-29 gjekk Åsmund Sveen på middel-skulen i Oslo. Etterpå var han elev på det toårige gymnasiet i Nordfjordeid. Planen var å reisa tilbake til Oslo for å ta magistergraden i allmenn litteraturhistorie.

I 1931 debuterte han med diktsamlinga «Andletet», og der hadde han lagt om i langt meir modernistisk retning: meir som Rolf Jacobsen, Kristofer Uppdal og andre tidlege modernistar. Dette skiftet skuldast truleg at han var komen til byen, og at han der møtte ein annan kultur.

Men studiane vart det ikkje så mykje av for Åsmund Sveen. Eg trur at hans eiga skriving tok overhand. Han hadde bohem-tendensar. Han var interessert i å lesa og skaffa seg kunnskap, men det var meir som amøre enn med tanke på eksamenar. Utover i 30-åra levde han som fri skribent.

Lovande debut

– I Sveens debutsamling finst det utruleg mange fine dikt. Seinare kom «Jordelden» (1933), «Eros syng» i (1935) og «Såmannen» (1940). Men Sveens dikt vart dårlegare utover på 30-talet. Sjølv synest eg at debutsamlinga er den beste. Den fekk han mykje ros for, men også i dei andre bøkene finst det svært fine dikt. I debutsamlinga er det høg temperatur. Sveen ville tydelegvis prøva ut alt, og han set spørsmålsteikn ved alle grunnsanningar. Slikt vart det mindre av seinare. Dette kan hengja saman med at han gjekk gjennom ei kristen omvending. I samlinga «Såmannen», som kom i 1940, er alt fastlagt. Han har funne sanninga med stor S.

Meldar i Dagbladet

Frå 1936 og fram til utbrotet av krigen var Sveen fast literaturmeldar i Dagbladet. Det var nynorskforfattarane som var hans felt. Han skriva også teaterkritikk, og han dreiv med omsetjing og laga radioprogram.

Knut Imerlund har gått gjennom Sveens bokmeldingar i Dagbladet frå 1936 og 1937.

– I dette materialet er det umogeleg å lesa seg fram til at Sveen var ein vordande nazist. I meldingane er han svært nøytral. Han gjev ein karakteristikk av bøkene, men kjem ikkje med klare vurderingar, bortsett frå allmenpositive vendingar. Dagbladet var i mellomkrigstida eit kulturradikalt organ. Også ut frå dette, er Åsmund Sveens nazisme merkeverdig.

Under krigen gav han ut den staselege boka «Bygdeviser». Han teikna sjølv framside-illustrasjonen, og boka er utstyrt med det ein kan kalla germansk typografi. Forfattaren sjølv har sett tonar til mange av dikta, og i boka er det med notar.

– «Bygdeviser» inneheld dikt i bunden form. Det viser at Sveen dreiv vekslebruk utover i 30-åra. Mange av dikta er stev- eller folkemusikkprega. Fleire har ein



barokk humor. Dei er kjempefine. Men boka kom ut under krigen, og på den tida vart Sveen boikotta. I nyare tid skal Lars Klevstrand ha laga melodi til eitt av dikta og teke dette med på ei plate.

– Var det nazi-preg på det som Sveen skriva?

– Nei, men «Bygdeviser» inneheld eit dikt til skogsbygda. Det har ein vemodsfylt tone som kan tyda på at han skjønna at det bar gale av stad. I Sveens forfatterskap er det meir som er i strid med enn som er i pakt med NS-medlemskapen. Filosofen Harald Ofstad har sett «forakt for svakhet» som eit kjenneteikn på nazismen. Det finst det ikkje noko av i Sveens forfatterskap. Eg trur at det er vanskeleg å finna spor av nazisme i den litterære forfatterskapen hans. Men han skriva ein artikkel i Nationen med tittelen «Hvorfor jeg er medlem av NS». Der sluttar han seg til grunnideane. Han gjev også uttrykk for antikommunisme, antimaterialisme og antiliberalisme. Men ein finn ikkje førardyrking eller den germanske forakta for judar og sigøynarar. Derimot finst det mange uttrykk for at Sveen hadde omsorg for dei svake.

...vart nazist



FRÅ DAGBLADET TIL NS: I førkrigsåra var Åsmund Sveen litteraturneldar i Dagbladet, men i 1940 melde han seg inn i Nasjonal Samling og stilte seg til disposisjon for Quisling. (Foto: Ørnslund Fotograf A/S)


Kvifor nazist?

Så tidleg som i 1934 var Åsmund Sveen i kontakt med nazifiserte kulturmiljø i Tyskland. Som første norske diktar fekk han eit opphald på den «tysk-nordiske forfatterheimen» i Travemünde. Derfrå skreiv han oppglødd heim. Likevel sjokkerte han mange av venene sine då han etter 1940 dukka opp som framstående nazistiske kulturpolitikar, skreiv Atle Kittang i eit etterord til Sveens einaste roman, «Svart jord», som vart utgitt på nytt av Det Norske Samlaget i 1976.

Knut Imerlund har spekulert ein god del på kva som var årsakene til at Sveen vart nazist.

– Han melde seg inn i Nasjonal Samling først i 1940, men betalte kontingent berre eitt år. Sveen hadde kroniske pengeproblem. Han lånte hjå alle, og truleg gjekk han i grava med ei grov gjeld i alle retningar. I breva hans spelte pengesorgene ei ganske stor rolle. På 30-talet levde han av det han skreiv, og inntektene kunne vera varierende.

Men Åsmund Sveen var ein merkeleg type. Han hadde



BIOGRAFI: Førsteamanuensis Knut Imerlund ved Hamar lærarhøgskole arbeider med ein biografi om forfattaren Åsmund Sveen. Finst det attlevande blant Sveens vener som kan bidra med opplysningar, set Imerlund pris på det. (Foto: Ottar Fyllingsnes)

vakse opp i små kår. Likevel hadde han ein tendens til å gå på Grand når han var i hovudstaden. Det skulle helst vera kvit duk på bordet, og når han var i Oslo, overnatta han gjerne på stader med høgare standard enn det han hadde råd til. Han likte å leva på høg fart. Mange som eg har snakka med, har meint at Sveen vart med i NS for pengane si skuld. Det er eit paradoks i dette. Filosofisk var Sveen antimaterialist, men i sitt private liv sette han stor pris på materielle ting. Under krigen budde han til dømes i eit patrisiarhus i Homansbyen i Oslo.

Maktposisjon

Då krigen kom vart Sveen raskt trekt med i administreringa av det kulturlivet som Quisling-regimet prøvde å stabla på beina. Han fekk fast jobb for første gong.

– Han vart sekretær i Pressedirektoratet, som hadde i oppgåve å driva pressesensur. Han vart sjef for Statens Teaterdirektorat, som skulle driva sensur overfor teater. Han var byråsjef i Kulturdepartementet, og han vart såkalla kontrollør og tilsynsmann i Aschehougs forlag. Det vil seia at han var sensurinstans der også. Men forfattarane slutta å senda inn i manus til forlaget, og dermed fekk nok ikkje Sveen spela den rolla han kunne ha ynskt seg.

Under krigen gjorde Sveen mange dumme ting. I ein artikkel frå 1944 forsvarte Sveen nazistane sine innskrenkingar av ytringsfridomen. Han meinte at ein måtte tola avgrensingar for å sleppa «dei gode kreftene» til.

– Eg trur at Sveens engasjement botnar i politisk og ideologisk naivitet. Han var ein politisk analfabet. Han var politikar med kjenslene og ikkje med intellektet. Merkeleg nok hadde han sans for Quislings svada.

– Oppfatta ikkje Sveen raskapen i nazismen?

– Det verkar som om han ikkje forstod det, trass i at han hadde øyro og augo opne, og trass i at han las aviser. Før krigen stod det mykje om Ozzi-sky i norske aviser, men dette tok ikkje Sveen notis av. Han tok ikkje avstand frå NS på noko tidspunkt før krigen vart slutt.

– Han stod på og reserverte seg ikkje, seier Knut Imerlund.

Homofil legning

Åsmund Sveen var homofil. Det la han skjul på, men familien var klar over det.

– Det kan synast som det er eit samband mellom den seksuelle legninga og nazismens estetikk som framheva vakre og sterke menn. Sveen sjølv viste ei beundring for den sterke. Han levde sjølv i eit homofilt forhold i 20-25 år, like til tida etter krigen. Men i den nazistiske ideologien stod homofili på minuslista.

– Dette kunne vera årsaka til at Sveen stod så hardt på. Han kunne risikera både arrestasjon og deportasjon på grunn av legninga. Han var i ei svært vanskeleg stilling, men samstundes hadde tyskarane behov for forfattaren Åsmund Sveen. Dei hadde ikkje med seg så mange andre frå det norske kulturlivet. Sveen hadde vore varamedlem til styret for forfatterforeninga i fleire år då krigen braut ut.

– Prøvde Sveen nokon gong å trekka seg ut frå sine nazi-posisjonar?

– Han ville nok fått det vanskeleg om han hadde prøvd, og det er ikkje teikn som tyder på at han prøvde. I 1944 skreiv han derimot ein artikkel som viser at han framleis stod på det same grunnlaget.

Sjekka mannfolk

Knut Imerlund viser til ei nokså merkelege opplysningar som Nils Johan Ringdal tidlegare har lagt fram. Han viser til at Sveen under krigen gav husrom til mange motstandsfolk som var ettersøkt av nazistane.

– Åsmund Sveen hadde så mange unge menn på besøk. Derfor vekte det ikkje så stor oppsikt om det kom framande folk til husværet hans. Ronald Fangen var den første av dei norske forfattarane som vart arrestert. Sveen arbeidet aktivt for å få Fangen fri, og det er ikkje umogleg at dette medverka til frigjevinga. I løpet av krigen vart Sveen arrestert eit par gonger, men det var etter at han hadde prøvd å sjekka opp mannfolk på open gate. Etter dette var det han skreiv artikkelen i Nationen. Han måtte rett og slett visa at han var den flinkaste guten i klassen. Som homofil var det naturlegvis ein fare for at NS skulle leggja vekt på den seksuelle legninga.

Fengselsstraff

Etter krigen vart det berre elende for Åsmund Sveen. I 1947 vart han dømd for krigsinnsatsen. Han vart dømd til fire og eit halvt år i fengsel, men sat berre ni månader.

– I følgje syster vart han slept fri av di han grein heile tida. Han var svært deprimert og hadde problem med nervane, fortel Imerlund.

Seinare drog Sveen til Sverige. Der han slo seg saman med ei svensk kvinne. Imerlund veit ikkje så mykje om Sveen og etterkrigstida, men han veit at den svenske kvinna heitte Ilse til fornamn.

Sveen skal ha skrive for ei svensk avis, og han skal også ha publisert noveller på svensk. Den siste tida Åsmund Sveen levde, budde han i Noreg. Dei fire siste åra hadde han strøjobbar og konsulentoppdrag for Cappelen. På denne tida var Henrik Groth sjef i Cappelen.

– Det er litt merkeleg at det var Groth som tok Sveen til nåde. Groth vart nemleg fengsla under krigen. Åsmund Sveen hadde rapportert at Groth var sterkt antinazistisk. Kan henda vart Groth fengsla ut frå desse opplysning?

I førkrigsåra gav Sveen ut bøkene sine på Gyldenc. men der fekk han ikkje innpass etter krigen. Nils Johan Ringdal har peika på at forlagssjef Harald Grieg i Gyldendal tok Knut Hamsun til nåde og såg sjansen til å tena pengar på «På gjengrodde stier». Men han slo handa av Åsmund Sveen.

Dei siste åra budde han på eit pensjonat i Oslo, men truleg også hjå syster på Jæren ein kortare periode. Sveen døydde som ein fattig mann. Det som han let etter seg var det plass til i ein koffert. Ein gong hadde han mange bøker, men dei vart borte etter krigen. Han døydde av ein hjartesjukdom som hadde vore vanleg i familien.

Ny Sveen-bok?

– Mange vil nok meina at Åsmund Sveen var ein forakteleg person og at bøkene hans bør gløymast, seier Knut Imerlund. Når Cappelen no har trykt opp etterkrigsbøkene, meiner han at det er på tide at nokon ser verdien Sveens førkrigsposi.

– Eit utval av det beste burde vore gitt ut på nytt, meiner Imerlund. Han ønskjer slett ikkje å framstå som nokon forsvargar for Åsmund Sveen og det han gjorde under krigen.

– Eg har prøvd å finna ut kva som førte han ut i elendet, seier Knut Imerlund.